

DET NORSKE TEATRET

SCENE 2  
ROSENKRANTZGT. 11

**Peter  
Weiss**

**Herr  
Mockinpott**

REGI: HÅKON QVILLER

*H. Haav 76.*





# Peter Weiss Herr Mockinpott

b15g 148495



Mockinpott

ROLF SAND

Wurst

ALF MALLAND

Mockinpotts kone

ANITA RUMMELHOFF

Ein fengselsbetjent

Ein rival

TORBJØRN HALVORSEN

omsett av

ARNLJOT EGGEN

regi:

HÅKON QVILLER

Ein fengselsinspektør

Ein arbeidsgivar

EINAR WENES

scenografi:

SNORRE TINDBERG

kostyme:

GWEN QVILLER

lyd:

MENY BLOCH

Ein sakfører

Ein lege

Vårherre

ASBJØRN TOMS

inspisient:

ARNE SKOG

sufflør:

ELSA ISEFIÆR

rekvisitør:

EDWARD BARO

To engler

To sjukesøstrer

KAJA KORSVOLD

CAMILLA TOSTRUP

To tenarar

SIMEN REVOLD

OLA SLAATTEN



programredaksjon: Svein Selvig/Halldis Hoaas

omsetjing: Anne Lise Myklebust

foto: Harald Medbøe

trykk: Torres Trykkeri, Oslo



## OM PETER WEISS



Fødd 1916 i Nowawes (eller Babelsberg), ein landsby sørvest for Berlin. Faren var ungarsk jøde med tsjekkisk statsborgarskap, mora ei skodespelarinne frå Berlin.

Familien drog frå Tyskland i 1934, budde i London til 1936, flytte deretter til Praha, der Peter Weiss studerte målarkunst og dekorasjon ved Kunstakademiet (1936–38). Etter invasjonen i Tsjekkoslovakia reiste Peter Weiss til Sveits, men fór etter nokre månader vidare til Sverige, der resten av familien hadde slått seg ned. Er no naturalisert svenske, bur i Stockholm saman med kona og medarbeidaren sin, Gunilla Palmstierna Weiss, som er skulptør og scenograf.

Fekk Charles Veillon-prisen 1963, Hamburgs Lessing-pris 1965 og den svenske arbeidar-rørsla sin pris 1965.

Prosa: Der Schatten des Körpers des Kutschers 1960. Abschied von den Eltern 1961. Fluchtpunkt 1962. Das Gespräch der drei Gehenden 1963. (Samtale mellom tre gående – Cappelens upopulære.)

Teaterstykke: Nacht mit Gästen 1963. Mor-det på Marat 1964 (spela på Nationaltheatret 1967, på Lille Scene, Bergen, 1970, utgitt på Gyldendal). Ransakingen 1965 (spela i Fjernsynsteatret, utgitt på Pax). Sangen om utysket (spela på Amfiscenen 1967). Herr Mockinpott.

Omsetjingar: Frøken Julie og Eit Draumspel av August Strindberg til tysk.

Fødd 1943 i Halden. Har studert teater ved Universitetet i Oslo, Georgia Southern College og Stanford University. Statens teaterskoles instruktørkurs. Aktivt med i teaterarbeid på Brageteatret i gymnastida, kom via Studentteatret på Blindern og teaterskolen til Det Norske Teatret som regi-assistent og instruktør. Sette saman med kveldens hovudrolleinnehavar Rolf Sand opp «Flåten» på ABC-teatret. Frå i haust tilsett på Trøndelag Teater som instruktør og teatersekretær. Debuterte som sjølvstendig instruktør på Teaterloftet med Arrabals «Arkitekten og keiseren av Assyria».

## OM HÅKON QVILLER





## HERR MOCKINPOTT — KVEN ER HAN?

Herr Nixon og våpendragaran hans Spiro Agnew, frir uavlateleg til ei samfunnsgruppe dei kallar «den tause majoritet». Kveldens hovudperson er ein representant for denne gruppa. Her Mockinpott har heile livet lydd makthavarane, halde seg borte frå vanskar

Mockinpott kan ikkje forstå det, og ført av ein «tvilsam» person, Wurst, drar han ut for å finne eit svar. Men ingen kan eller vil gi han eit svar han skjønar. Ein svarar han med tåkeprat og floskler. Av ein annan får han svar som er heilt meiningslause. Og Mockinpott ser til sist at alt han blindt hadde trudd på — alt han har basert livet sitt på — er falskt, løgnaktig og korrump. Augo hans er



av alle slag, gjort arbeidet sitt etter beste evne og aldri tvilt på at systemet var rettvis — eg hadde nær sagt — ufeilande. Han har halde munn og akseptert sin situasjon.

Inntil ein dag verda rasar saman rundt han. Han blir kasta i fengsel, fråtatt sparepengane sine, kona kastar han på gata og han mister jobben sin — alt på nokre få dagar. Korleis kan slikt skje når han aldri har gjort noko som kan stride mot lov og rett?

opna — han ser verda og makthavarane slik dei er og ikkje slik dei har framstilt seg for han.

Nå kan han starte på nytt, med erkjenninga av at ein må slåst for retten sin og ikkje la seg trakke på eller blindt lyda samfunnsstøttene og deira dogmer og læresetningar.

Håkon Qviller





### MOCKINPOTT

Finst det inga rettferd til i verda  
eg som støtt har levd på rette gjerda  
som unngår uro alt eg kan  
fordi eg er ein fredsæl mann  
som held meg unnagøymd og still  
for mistak vil eg ikkje vera årsak til  
og så bli riven ut or livd og trivd  
og utan vidare i fengsel hivd

### WURST

Da går vi til ein lege straks  
du slepp å vente har du flaks  
og kjem på bordet før du varast det  
han skjer deg opp på ein to tre  
og etter nokre få sekund er grunnen  
til all din sjukdom funnen  
Der skjer dei alt det rotne vekk  
og du skal snart bli frisk og kjekk





## PETER WEISS OG DEN NYE FARSEN

Peter Weiss er fødd i 1916 i Nowawes ved Berlin, og emigrerte i 1934 via England til Praha, der han studerte ved Kunstakademiet. I 1939 rømde han til Sveits og vidare til Sverige, der han budde til fram i 1960-åra. Han hadde tidleg freista seg som forfattar og i Sverige gav han ut «Från ö til ö», «De besegrade» og «Dokument I». Der byrja han òg arbeide med dokumentar- og eksperimentfilm. I 1960 debuterte han i heimlandet med mikroromanen «Der Schatten des Körpers des Kutschers», følgd av «Abschied von den Eltern» og «Fluchtpunkt». I 1963 gav han ut den intense miniromanen «Das Gespräch der drei Gehenden», som kom ut på norsk to år seinare, «Samtale mellom tre gående» (Capelens populære).

Det store gjennombrøtet til Peter Weiss kom med det merkelege historiske skodespelet «Mordet på Marat» — der han stelte revolusjonshelten opp mot den innesperra forfattaren og filosofen Marquis de Sade, og let spelet bli framført av pasientar på «dåre-huset» der de Sade heldt til i sine siste år, og under hans leiing. — Etter urpremièren på Schiller-theater i Berlin i 1964, var kritikken stort sett samd om at tysk språk hadde fått ein dramatiker som stod på høgd med Bert Brecht og med det mest originale som har vore skrive av drama etter siste krigen. Stykket vart framført på Nationaltheatret i 1967 med Georg Løkkeberg og Per Sunderland i hovudrollene.

Peter Weiss har vore sterkt oppteken av det som skjedde i Tyskland under og etter krigen. I 1965 kom hans dramatisering av Auschwitz-prosessen, «Die Ermittlung» («Ransakinga») opp på ei rad tyske teater på båe sider av jarnteppet, og vekte eit langt og kvast ordskifte om kven som hadde største skulda for nedslakting av jødane.

I eit program-forord skreiv Peter Weiss om oppgåva til våre dagars teater: «Alt som skal framstellast på teatret i dag må vera representativt for eit eller anna synspunkt i verda ikring oss. På scenen må noko bli meddelt eller bli kasta nytt lys over; tilskodaren skal oppdage noko og til det



Munnhoggeri mellom mann og kone frå Hans Sachs' fastelavensspel «Der Bös Rauch». Tresnitt frå 1551.

trengst det både evne til oversyn og eit kraftig grep.» — Noko av dette vil ein og finne i den nye farsen hans, «Herr Mockinpott» med undertittelen «Korleis herr







J. Rouff, Weingartenspiel: Gud Fader med apostlane — oppført 1539.




Mockinpott blir fridd frå si lidning». Her syner han just eit kraftig grep på eit gammalt allmenngyldig problem: den vesle fredsæle mannens høve til eit brutalt umenneskeleg samfunn.

Formmønstret har Weiss her henta frå den seinmellomalderse folkefarsen, som utvikla seg på 1400-talet jamsides med mirakel- og pasjonsdramatikken, og fekk si rike bløming i fastelavensfarsane til Hans Sachs. Weiss nyttar hans frie versemål med parrim, og mange gags og groteske situasjonar som vart dyrka med stor kløkt og kunst av klovneane, dei første profesjonelle skodespelarane. — Det var ei rangsnudd, absurd verd desse klovneane framstelte, og det er ei kjend sak at vår tids absurde dramatikarar i stor mon har bygd på deira farsemetodar. (Det gjeld ikkje minst «Mens vi ventar på Godot».)

Den gamle farsen bygde på eit fast typegalleri — t.d. «mirakeldoktoren» — tekniske tricks, toskute munnhoggingar og saftige vitsar, som ei seinare tid prega av «finkultur» avviste som «lågkomikk». Like vel nytta Molière mykje av denne arven i sine farsar, og det same gjorde Holberg på si vis. Eit vanleg sugett i den gamle farsen var mannen som kjem ut for ei rad eventyrlege hendingar der han vekselvis blir trakassert og opphøgd. Såleis temaet «Konge for ein dag», som Holberg tufte sin «Jeppe på Bierget» på.

I denne framsyninga er det vel andre gongen at Vårherre får den æra å bli framstilt på ein norsk scene. Da Nationalteatret skulle føre fram Marc Connellys «Guds grønne enger» i 1933 sette Stortinget torød mot framsyninga avdi mange meinte det var blasfemi å syne fram Gud som eit vanleg menneske på teatret. I 1947 førde Det Norske Teatret fram stykket, utan løyve, men òg utan nokon alvorleg protest. Tida hadde mognast for eit friare syn og ei djupare forståing av det eldgamle hopehavet mellom gudane og teatret — der kristendommens Gud fader også hadde sin faste plass i seinmellomalderens simultane torgscener, som strekte seg frå himmel til helvete.







VELKOMEN TIL

SPELPLANEN PÅ HOVUDSCENEN:

# DET NORSKE TEATRET SCENE 2

Det Norske Teatret kan i kveld ønske publikum velkomen i den nye vesle teatersalen og kjellarlokala under. – Vi har fått verksemda i ABC-teatret under eige tak og vi vonar og trur at det skal bli eit levande og skapande ungt miljø i Oslo sentrum.

Kjellarlokala står til disposisjon for teaterpublikummet etter framsyninga tre kveldar i veka, måndag, tysdag og torsdag. Onsdag, fredag og laurdag held Bikuben til der med sine program, men også på desse kveldane er publikum frå teatret hjarteleg velkomne.

T. S.

Neste framsyning:

**Dei rettferdige**  
av Albert Camus

regi: KJETIL BANG HANSEN  
i rollene: ULRIKKE GREVE  
BAB CHRISTENSEN  
NILS OLE OFTEBRO  
OLE-JØRGEN NILSEN  
TORBJØRN HALVORSEN  
BJØRN SKAGESTAD  
JOHAN KJELSBERG  
ØYVIND ØYEN  
ERIK ØKSNES

Première medio januar.

# MENS VI VENTAR PÅ GODOT

av Samuel Beckett

regi: Bjørn Endreson

scenografi: Snorre Tindberg

med Bjarne Andersen, Tom Tellefsen, Bjørn Jenseg og Kåre Wicklund.

«Godot» er blitt ståande som hovudverket i det absurde teater, det skodespelet som framfor alle gir oss eit bilete av meiningsløysa i verda, men som samstundes og gir tru på mennesket si evne til å overleve, til å sjå voner i den grå kvardagen.

# OPERETTE

AV WITOLD GOMBROWICZ

regi: Aloysius Valente

scenografi: Guy Krohg

kostyme: Inger Derlick

med m.a. Pål Skjønberg, Sverre Holm, Bjørn Jenseg, Sølvi Wang, Lasse Kolstad, Jack Fjeldstad, Johan Kjelsberg, Thea Stabell.

«Operette» er bygd på wiener-operetta si form, med velklingande musikk, overdådige kostyme, pompøs dekor. Men Gombrowicz har noko særskilt å seie oss, om dei maskene vi alle gøymer oss bak, om den revolusjon som stadig lurar under den rolege og velpolerte overflata – i samfunnet og i kvar einskild av oss.







